



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
10.04.2015
Dykkar dato
07.04.2015

Vår referanse
2015/5211 421.3
Dykkar referanse
15/1098

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Uttale - Lindås - Gnr 129 Bnr 2 - Titland - deling av eigedom - dispensasjon

Fylkesmannen syner til brev av 07.04.2015 med høyringsfrist 30.04.2015.

Saka gjeld dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen for å dele frå eit bustadhus frå eigedommen. Tiltaket er ledd i generasjonsskiftet på garden og søkar ynskjer å dele frå huset med ei tomt på om lag 2 daa. Eigedomen er landbruksareal og ligg i LNF-område markert som omsynssone landbruk oL34 Litlekare Myksvoll, med særleg vekt på kulturlandskap.

Fylkesmannen si vurdering

For at det skal vere grunnlag for å gje dispensasjon etter § 19-2 i plan- og bygningslova er det to vilkår som må vere oppfylt. Omsynet bak føresegna det skal dispenserast frå kan ikkje bli vesentleg satt til side og det må vere ein klar overvekt av omsyn som taler for ein dispensasjon.

Eigedommen som søkast frådelt består av eit eksisterande hus med hage og om lag 0,6 daa beitemark. Ei frådelling av det arealet som er klassifisert som beite vil truleg vere ei dårleg løysing for drifta av beitearealet. Ei frådelling av bustadhuset med hage på om lag 1,4 daa vil derimot ikkje endre bruken av arealressursane, og det vert heller ikkje meir tungvint å nytte beiteareala etter ei deling. Fylkesmannen si vurdering er at omsyna bak LNF-føremålet i arealdelen av kommuneplanen ikkje blir vesentleg satt til side ved ei slik løysing av delinga.

Fylkesmannen si vurdering er at det berre bør gjevast løyve til frådelling av det arealet som i dag er bustadhus med hage.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.